

**NATIONEN**

Postboks 9390 Grønland  
0135 Oslo

**Besøksadresse:**  
Schweigaardsgate 34 A  
www.nationen.no

**Sentralbord:**  
Telefon: 21 31 00 00  
Fax: 21 31 00 90  
Redaksjonen etter kl. 16.00:  
21 31 00 25

**Sjefredaktør/daglig leder:**  
Tove Lie  
Direktenummer: 21 31 00 40  
tove.lie@nationen.no

**Magasin- og kulturredaktør:**  
Britt Sofie Hestvik  
Direktenummer: 21 31 00 65  
britt.hestvik@nationen.no

**Politisk redaktør:**  
Erling Kjekstad  
Direktenummer: 21 31 00 20  
erling.kjekstad@nationen.no

**Nyhetsredaktør:**  
Sveinung Engeland  
Direktenummer: 21 31 00 35  
sveinung.engeland@nationen.no

**Samfunnsredaktør:**  
Pernille Huseby  
Direktenummer: 21 31 00 45  
pernille.huseby@nationen.no

**Administrativ redaktør:**  
Carl Hamre  
Direktenummer: 21 31 00 16  
carl.hamre@nationen.no

**Trøndelagskontoret:**  
Hans Bårdsgård  
Mobiltelefon: 911 98 998  
hans.baardsgaard@nationen.no

Kato Nykvist  
Mobiltelefon: 913 22 017  
kato.nykvist@nationen.no

**Debattredaksjonen:**  
Mona Askerød  
Direktenummer: 21 31 00 31  
mona.askerod@nationen.no

**Abonnement og distribusjon:**  
Man.-fre. fra kl. 08.00 til 15.00  
Tlf: 800 80 199  
Fax: 21 31 00 92  
abonnement@nationen.no

**Annonser**  
Direktenummer: 21 31 44 44  
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:  
Hverdager fra kl.  
08.00 til 16.00  
Tlf: 61 35 98 29  
Tlf: 61 35 98 30  
Fax: 61 35 98 40  
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

# Biosecurity og import



**AUSTRALIA:** Under dekke av å skulle verne den sårbare australske naturen mot levande organismer frå framande kontinent, har bøndene hand i hand med miljøvernarar og politikarar bygd opp eit grensevern meir effektiv enn dei mest ekstreme tollsatsar, dei kallar det Biosecurity.

Men no kan det vere slutt og dei fyrste som må tole smertene er fruktdyrkarane i det enorme nedbørsfeltet Murray Darling bassenget i delstatane New South Wales og Queensland.

Førre veke fekk dei melding om at det var nedsett forbod mot all vatning som inneber at ein tappar ytterlegare ned det ein gong så gigantiske bassenget som no berre er 35 prosent av sin «normalår»-storleik. Og som me veit, utan vatn veks ingenting.

Omlag ein tredjedel av alle epla her i landet veks utav Murray Darling-bassenget og frukt- dyrkarane her utgjør ei av dei sterkaste landbruksinteresene i landet. I årevis har dei kjempa for retten til å eksportere eigen frukt til all verdas utkantar, samstundes som dei sjølve har kjent seg trygge frå konkurranse på den heimlege marknaden bak dekket av Biosecurity-instituttet. Men no ser det gamle argumentet om frykta for å importere pærebrann ut til å drukne i statsminister John Howards ønskje om å gi veljarane frukt til valet.

Dermed vil australiarane lik mesta alle andre i den rike delen av verda snart få smaken på eple frå New Zealand.

«Har dei fyrst fått smaken på New Zealands-epla vil dei neppe slå seg til ro med australske eple om det så skulle kome aldri så mykje regn dei neste vekene», fryktar Daise Gibbon frå Bourke, like ved Darling river som skulle ha rennt stor og tung på denne tida av året, men som no einast er ein skugge av seg sjølv.

Fruktdyrkarane er ikkje dei einaste som er uroa for konsekvensar av ei oppmjuking av Biosecurity-instituttet. Både storfeproducentane kring Rockhampton i Central Queensland og broiler-

og egg-producentane i Victoria og South Australia, har alle kvilt på frykta for høvesvis munn- og klovsjuka, kugalskap og fugleinfluensa.

Det er over 30 år sidan no at australske bønder adopterte den økonomiske læresetninga om at proteksjonisme korrumpere næringa. Desse settlarbøndene som arva ideen om industrilandbruk frå engelskmennene og som aldri har opplevd at landbruk har vore eller kan vere noko anna enn industri, hevdar å ha rett til å krevje at alle andre opnar grensa for deira produkt. Dei er overtydde om at handelshindringar gjer bøndene late og ineffektive og at einaste bidrag til nasjonen

**Australske bønder er overtydde om at handelshindringar gjer bøndene late og ineffektive.**

frå bønder bak grensevern vil vere auka skattar.

Likevel kjempar bøndene frå Murray Darling-bassenget, som alt er råka kraftig av tørken, ein ihuga kamp om å få ha heimemarknaden for seg sjølv.

**Bjørn Egil Flø arbeider ved Bygdeforskning og er på studieopphold i Australia og New Zealand**



**TØRR ELV:** Darling river bringer vatn til dei fleste australske bøndene. Tørken herjar, og restriksjonar på vatning gjer bøndene redde for at australiarane skal få smaken på importert frukt, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: SCANPIX

**REPLIKK**

Flere debattinnlegg finner du på side 20

## Ikkje stå EU til teneste

Innan tre år blir tenestedirektivet innført i EU- og EØS-landa. Dei fire fridomane, fri flyt av kapital, varer, menneske og tenester, er i EU sentrale, marknadsliberalistiske verkemidlar. På tenestesida har integreringa gått seint på grunn av nasjonale skrankar. No skal desse bort: EU har mål om å bli den mest konkurransedyktige økonomien i verda innan 2010, for å konkurrere med USA og liberale asiatiske land.

Tenestedirektivet vil utfordre norsk forbrukarpolitikk, inntektsutjamning og velferds- politik. Noreg treng arbeidsinnvandring, men Senterpartiet meiner sosial dumping ikkje er

velferdsstaten vår verdig. Utanlandske arbeidstakarar må ha lik løn og like arbeidsrettar som norske. Noreg må gå i retning av meir utjamning, ikkje større klas- seskilnader.

I regjeringserklæringa frå Soria Moria heiter det at regjeringa vil arbeide for at EU ikkje gjennomfører eit tenestedirektiv som fører til sosial dumping, og at Noreg vil vurdere å bruke reservasjonsretten i EØS dersom særleg viktige interesser er truga. No har utkastet frå EU vore på høyring i Noreg.

Nærings- og handelsdepartementet fekk over 100 høyrings- svar frå ulike organisasjonar.

Det store fleirtalet deler uroa vår over at direktivet vil føre til sosial dumping. Det store fleirtalet krev også ei grundig og uavhengig konsekvensutgrei- ing. Vi føreset at statsråd Dag Terje Andersen følgjer dette klåre rådet.

Noreg har god tid. Først 28. desember 2009 må vi svare EU på om vi vil ta direktivet inn i norsk lovgjeving eller ikkje.

**Lars Rottem Krangnes, fylkesleiar og bystyrekandidat for Oslo Senterparti**

**Benedikte Pryneid Hansen, leiar i Oslo Indre Øst Senterparti**



Vi spurte leserne på nationen.no om de synes det er riktig at bønder over 67 år får mindre i landbruksstøtte. Her er svarene:

Ja: **43,6%**

Nei: **52,9%**

Bryr meg ikke: **3,4%**

Totalt antall stemmer: 1162

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!